

Referat frå møte i Fylkesberedskapsrådet

02. desember 2014

Fylkesmannen ønska velkommen og gjekk kort gjennom dei hendingane som har vore sidan rådet sist var samla 10. juni 2014 og sa vidare kva rolle Fylkesmannen hadde i dei ulike hendingane. Det var den auka terrortrugselen som kom 24. juli, flaumen på Vigrestad og Brusand i Hå kommune 7. august, ekstremvêret Lena 9. august og mykje regn frå 26-28. oktober som førte til at Sauda kommune blei isolert (vegen stengt på begge sider og ikkje flyvêr for helikopter).

Fylkesmannen informerte om ny beredskapsinstruks for Fylkesmannen snart kjem ut på høyring. I dag er det to instruksar som Justis og beredskapsdepartementet no vil slå saman til ein. Målsettinga er og å lage ein tydelegare instruks. Planen er at den skal gjelde frå neste sommar.

Til slutt reklamerte ho for samfunnstryggleikskonferansen på Universitet i Stavanger 7. januar. Det er mogleg å melda seg på via universitet sin nettstad.

President i Raudekrossen Noreg Sven Mollekleiv heldt første innlegg. Han snakka om dei frivillige organisasjonane sin plass i beredskapen. At kommunane generelt ikkje veit nok om kva dei frivillige kan hjelpe med og at i for liten grad er inngått forpliktande avtalar. Hans presentasjon ligg som vedlegg til referatet.

I foredrag nummer to informerte Bernhard Larsen frå Norkring om deira beredskapsrolle. Dei er eigd av Telenor og har ansvar for den tekniske infrastrukturen for radio og TV i Noreg. Hans presentasjon ligg som vedlegg til referatet.

Kraftforsyninga sin distriktssjef i Rogaland Torbjørn Johnsen frå Lyse Energi var neste foredragshaldar. Han informerte om forsyningssituasjonen for komande vinter og at magasinfyllinga nå ligg på normalt nivå. Han orienterte om føreliggande planar om utskifting og styrking av straumleidningane inn til Sør-Rogaland og dei nye automatiske straumsentralane som Lyse Energi skal installere hos alle sine kundar fram til 2017. Hans presentasjon ligg som vedlegg til referatet.

Til slutt orienterte ordførar Mons Skrettingland og brannsjef Per Ivar Aniksdal frå Hå kommune om flaumen på Vigrestad og på Brusand 7. august 2014. Den kom veldig fort og gjekk like for over, men det var dramatisk dei timane den varte. Ein eldrebustad og dagsenter måtte evakuerast, mange kjellarar blei fylt med vatn og vegar var under vatn. Kommunen var fornøyd med innsatsen til brannvesen, teknisk etat og helse- og sosialtenesta i kommunen. Dei trakk fram innsatsen og samarbeidet dei hadde hatt med Sivilforsvaret. Men dei tok sjølvkritikk på at kriseleiinga til kommunen ikkje blei etablert raskt nok. Det var likeeins ikkje satt nok ressursar på informasjon til media og innbyggjarane i kommunen.

Statens Hus 8. desember 2014

Reidar Johnsen (ref)